



Til

Linn Kristin Bore, FAU-leiar, meldt forfall. Vara møtte: Tina Braut
Pål Undheim, politikar Time kommune
Solbjørg Holen, representant for lærarane
Margrethe Hauge, tillitsvalt, meldt forfall
Iselin Stangeland, SFO-leiar
Kenneth Terjesen, foreldrerepresentant SFO
Lilly Zeeh, elevrådsleiar
Hedda Finnbakk, nestleiar elevråd
Even Årland, elevrådsrepresentant 5.trinn
Elias Ulvøy Mæland, elevrådsrepresentant 4.trinn

Referat frå SU/SMU onsdag 21.september på Lye skule

Sak 1 Høyningsuttale om kvalitetsplan og vedteker for Time SFO

Iselin gjekk gjennom forslag til endringar i vedtekten og nye punkt i kvalitetsplanen.

Vedteker

- Ny frist for å sei opp plassen for nytt skuleår, endre til 1.mai.
- Tilbod om å kjøpe 2 dagar.
- Kun bruke morgen tilbod.
- Gebyr for å hente for seint. 200kr pr. påbegynte halvtime.
- Ferieklubb- same pris som 5 enkeltdagar.

Kvalitetsplanen

- Kompetanseheving auke til 3 planleggingsdagar i året.

Svar på høyring:

Vedteker: Bekymra for økonomiske forhald ved å utvida val til kun morgen SFO. Krev meir bemanning. Ingen innvendingar mot øvrige punkt.

Kvalitetsplan: Ingen innvendingar.

Sak 2 Kort orientering om økonomi

Me har eit stramt budsjett som begrensar handlingsrommet vårt. Me skal vera ein inkluderande skule som skal tilrettelegge for alle både fagleg og sosialt.

Agenda Kaupang har gjennomført ein driftsanalyse av Oppvekst i Time kommune. Skuleleiinga og politikare får tilbakemelding på analysen 3.oktober. Må kjøpe lisenser til digitale læringsplattformer kvart år, driftsbudsjettet dekkjer ikkje behovet skulen har.

Innspel frå politikar, kan det svare seg at kommunen inngår fleire felles avtalar?

Lye Skule går med eit overforbruk inneverande år.

Læringsmiljø og trivsel på Lye Skule.

Elevane fortel at det er bra med:

- Trivselsleiar i friminutta (mindre krangling, sosialt, alle har noko å gjera)
- Disco i friminuttet ein gong i mnd 5.-7.trinn (sosialt, gøy, er aktive)
- Mange vakter ute, det gjer at det er trygt.

Kva kan bli betre:

- Vil vera inne når det er stygt ver. Kan t.d vera litt skummelt viss det er lyn og torden.
- Av og til utfordrande med fadderungane, dei vil vera med fadderen heile tida. Blir av og til litt mykje. Forslag frå elevane: Kanskje me kan ha faste dagar der fadderungane har lov å leika med fadrane i friminutta?
- Stygt språkbruk blant elevane i enkelte klassar.
- Vil sjå skjerm i maten kvar dag.
- Treng nye bøker, både til biblioteket og trinna. Har t.d. natur og samfunnsfagsbøker frå 2006, gamle og øydelagde. Bruker hovudsakleg digital plattform og andre tekster, men det er tidkrevjande for lærarane og elevane kunne ønske at dei hadde litt fleire fagbøker tilgjengeleg.

FAU- representant informerte om at elevrådet kan søke om å pengar til kjøpe inn nye bøker hos FAU.

Innspela blir tatt opp i elevrådet, personalet og FAU

Sak 4 Eventuelt

Politikar orienterte om innspel frå tidlegare SU-møte ang. av og påstigningsplass utfor skulen. Vil i nærmeste framtid ha med seg personar frå kommuneadministrasjonen for å sjå på problematikken og eventuelle løysningar. SU kikka på området etter møtet og drøfta alternative løysingar.

Mvh
Sigrid Kjetland
rektor



Time kommune

Postboks 38 • 4349 Bryne • Tlf. 51 77 60 00 • www.time.kommune.no

